

Tilleggsinformasjon

- Grønsaker dyrka utandørs gir lågast klimagassutslepp.
- Frukt dyrka utandørs, korn, bønner og nøtter gir låge klimagassutslepp.
- Kjøtt gir høge klimagassutslepp fordi dyr lever av planter, og det er eit stort energitap mellom kvart ledd i næringskjeda.
- Storfe gir ekstra høge utslepp av klimagassar fordi storfe et mykje mat før dyra blir klare for slakting.
- Fisk fanga frå små fartøy gir mindre utslepp enn fisk fanga frå store fartøy.
- Produksjon av oppdrettsfisk fører til mindre CO₂-utslepp enn produksjon av kjøtt, men det gir høgare utslepp enn havfiske.
- Norske drivhus er vanlegvis varma opp av fossile energikjelder.
- Kor langt varen er transportert, og på kva for måte, har betydning for kor klimavennleg varen er.